

# Gode øyremerkevaner

Ein stor tidstjuv på slakteria våre er å finne ut av kven som er eigar av slakte-dyr når dei er feilmerka eller manglar merking. Tid er pengar, og i Nortura er det bonden som betaler for tida.

Dersom vi ikkje finn ut av kven som eig dyret, kan ein i verste fall måtte avlive dyret på slaktefjøset og destruere skrotten, rett og slett fordi det er ulovleg å slakte dyret når ein ikkje veit kven som er eigar.

2)

## Andre fordelar med rett merking:

- Avrekninga blir raskt tilgjengeleg for bonden
- Slaktekapasiteten aukar og det blir mindre skyving
- Slaktedata kjem raskt over til Sauekontrollen, Animalia og andre brukarar av slaktedata

**Her er typiske merkefeil som det tek tid å rette opp i, og forslag til tiltak:**

### 1) Sau er merka med ulike individnummer

**Tiltak:** Pass på at det alltid er same individnummer på merkedelane eit lam blir merka med.

Sørg for å ha gode arbeidsforhold når du merkar lamma om våren, slik at det er enkelt å pare saman rett nummer. Eit lite bord eller ei tralle er kjekt å ha.

Ein bør ikkje legge øyremerket i lomma dersom det skjer noko som gjer at du må avbryte merkinga. Legg heller merket attende på stripsen der dei ubrukte merkene er festa.



### 2) Sau manglar øyremerking

**Tiltak:** Merk lamma rett. OS ID har ein god informasjonsvideo om korleis dette skal gjerast: [www.osid.no/guide/combi-junior-pasettingstang/](http://www.osid.no/guide/combi-junior-pasettingstang/)

Bestill erstatningsmerke frå merkeleverandøren din med førehandsprega dyrehaldsidentifikator og ein E som syner at det er eit erstatningsmerke. Nå krev Landdysporbarhetsforskriften at erstatningsmerka skal ha førehandsprega individnummer.



# Gode øyemerkevaner

## 3) Innkjøpt sau manglar øyemerke til ny eigar

**Tiltak:** Småfe har ikkje noko individregister slik som ein har på storfe. Når innkjøpt sau, inkludert kåra vêrlam og avlsvêrar, skal slaktast, må dei difor merkast med kvitt tilleggsmerke som viser at dyret er innkjøpt. Merket skal ha dyrehaldsidentifikator til ny eigar og nytt individnummer.

## 4) Øyemerket er skittent

**Tiltak:** Dersom ikkje elektronikken fungerer, er vi avhengig av å lese av kva som står på øyemerket utan å bruke tid på vaske det. Vask difor skitne øyemerke før sauens levering til slakting.



Skittent øyemerke; må vaskast før levering til slakting.

## 5) Det elektroniske merket frå seljar blir lest av sjølv om dyret har kvitt øyemerke som viser at det er innkjøpt

**Tiltak:** Når Nortura skal identifisere innkjøpte dyr, er regelen at vi skal lese opplysningane på det kvite tilleggsmerket og taste dette inn. Det er her opplysningane om den nye eigaren står.

Dersom dyret har eit fungerande elektronisk merke frå den tidlegare eigaren, kan det fort skje at det er dette som blir registrert. Ein skal difor øydeleggje elektronikken i opprinnelsesmerket for å unngå at dette skjer. Antenna ligg ca. 2 mm inn i merket. Set difor spissen på avbitartonga så langt inn som vist på biletet og klem til.



Slik øydelegg du elektronikken i eit elektronisk øyemerke.

Pass på at det som er prega på merket er leseleg etter at du har øydelegg elektronikken. Merket må ikkje dette ut.

Det går også an å kjøpe elektroniske kvite øyemerke. Da er det ekstra viktig å øydeleggje elektronikken i opprinnelsesmerket, slik at det ikkje blir lest av to øyemerke på eit dyr. Da blir dette registrert som to individ, og det blir forskyving på linja.

## 6) Årets lam merka med fjarårets merke

**Tiltak:** Ein bryt merkeforskrifta dersom ein bruker fjarårets merke på årets lam. Øyemerket blir også brukt som hjelpemiddel i samband med kategorisering av slaktedyr på slakteriet. Klassifisøren får forslag på om dyret er lam, ung sau eller sau ut frå øyemerket.

Bruk difor aldri fjarårets merker på årets lam der som du får for lite merker, men send heller ei tilleggsbestilling til øyemerkeleverandøren din.

---

**Dersom du fylgjer desse gode øyemerkevanene, sparar du Nortura mange arbeidstimar med feilretting. Takk for hjelpa!**